



Sjøkanten Eiendomsutvikling

Mjukebakken 3
5918 Frekhaug

| | | | | |
|-------------|----------------------|----------------------------|-------------|------------|
| Dykkar ref. | Vår ref. | Saksbehandlar – tlf. | Arkivkode | Dato |
| | 2008/852 - 9515/2008 | Larissa Dahl - 56 37 56 37 | 137/172,248 | 21.04.2008 |

Delegert sak

Løyve til tiltak Gbnr. 137/172 og 137/248 - riving av fritidsbustad, oppføring av 4 einebustadar - Alver

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 17.04.2008 og vedlagt:

- teikningar
- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld regulert området "Gamlestøa" av 10.03.2008 med bustad formål. Det skal rives ein fritidsbustad og byggast 4 einebustadar.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ pkt. C.3.3.

SAK§23d, fastsett ein sakshandsamingsfrist for søknadssaker på 12 veker.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

| | | | |
|--|--------|---|---------------|
| C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93) | | | |
| Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining | 10.900 | | 10.900 |
| Bueining 2 – 5, 50% | 5.450 | 3 | 16.350 |
| Tilleggsgebyr, lite | | | 2.300 |
| SUM | | | 29.550 |

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 15.04.2008 med topp ferdig golvet i 1 etg. på kote 15. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, **og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande**. Det skal også sendast inn tilsvarende dokumentasjon på ferdig bygg (PBL § 70 nr. 1).
2. Plassering av utsleppsanlegget skal koordinatfestast, **og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1), seinast før det vert gjeve bruksløyve.
3. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg vatn og avløp.
I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen si VVA-avdeling på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
4. Arbeid kan ikkje vert sett i gang før det vert lagt fram følgjande dokument til avfallsplan (for tiltak med BRA på 300 m² og over)
Tiltaket krev avfallsplan i samsvar med forskrift om kjeldesortering og byggavfall § 15-2.
5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **punkt * 4** i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

| | | |
|---------|--|---|
| SØK | | Sjøkanten Eindomsutvikling A/S |
| PRO/KPR | Arkitektarbeid | Sjøkanten Eindomsutvikling A/S |
| PRO/KPR | Tømrer og planering | Sjøkanten Eindomsutvikling A/S |
| PRO/KPR | VVS-arbeid | Sigmund Skråmestø Rørleggerforetning A/S |
| UTF/KUT | Utstikking/plassering | Lindås kommune, Geodata avd. |
| UTF/KUT | Grunnmur, skorstein og våtrom | Murefirma Per Arne Bekken |
| UTF/KUT | Anlegg og konstruksjoner, tiltaksklasse 1 | Øksnes Maskinutleige |
| UTF/KUT | Tømrerarbeid | Sjøkanten Eindomsutvikling A/S |
| UTF/KUT | VVS-arbeid | Sigmund Skråmestø Rørleggerforetning A/S |

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Kopi til:

- VVA, teknisk drift, her.

Larissa Dahl

Med helsing

avdelingsingeniør

Tor Hegle
fagleiar byggesak